



Vassendgutane, her i låven på Dønhaug i 2007, har trukke mange til staden

No har fristen gått ut og kommunen har lansert 4 kandidatar frå Kvinnherad til Kulturlandskapsprisen for 2013. Tema i år er ny bruk av ledige landbruksbygg og prisen er på 50 000 kroner. Ein av dei er frå Uskedalen og det er natuleg nok Dønhaug Gjestegard.

Dei andre er Baroniet, Olalø i Mauranger og Rualø i Rosendal. Det er næringsrådgjevar Karin Thauland som har utgreidd saka og ho skriv slik om Dønhaug:



Dønhaug - ein sterk priskandidat

'Anne Berit og Magne Huglen har gjort om det gamle våningshuset til utleigerom og driv serveringsstad i kjellaren. Driftsbygninga, som vart bygd for mjølk i den seinare tid, er gjort om til festlokale.

Dei har mange små og store tilskipingar i løpet av året og har lukkast med satsinga. Restaurering av det gamle våningshuset er gjort på ein fin måte.

Det er og bygd toalettanlegg i gamal stil knytt til bygget'.

* Om Baroniet blir det peika på at det i svært mange år har nytta eit stort våningshus på avlsgarden til overnatting og servering. Driftsbygninga huser sau, stall, kontor og konferansesal.

* Om Olaløo blir det mint om at den gamle driftsbygninga er gjort om til serveringslokale. Nytt kjøken er bygd der siloen stod. Sjølve låven er innreia til eit stort og triveleg samlingslokale. Det har vore aktiv og god drift heilt frå starten-

* Om Rualøo opplysar Thauland at gardstunet er flytta opp i utmarka og at eksisterande driftsbygning er bygd om til serveringsstad. Siloen er innreia til overnatting.

Thauland meiner at alle 4 er verd ein pris. Ho føretar ingen rangering mellom dei.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen